




Sunndal kommune

Årsplan for Ålvundeid barnehage

2025-2026


Godkjent i samarbeidsutvalget: 21.10.25

Kraftsenteret mellom fjord og fjell



Innhald

Innleiing, visjon og hovudmål
Barnehagen sitt verdigrunnlag
Samarbeid heim -barnehage
Barnehagens formål og innhald
Ansvar og roller
Overgangar
Fagområda til barnehagen
Barnehagen som pedagogisk verksemd
Årshjul /kalender



Innleiing, visjon og hovudmål

Velkommen til eit nytt barnehageår!

Det er alltid spennande å starte på eit nytt år og ta imot nye barn og foreldre. Dette barnehageåret blir vi 61 barn delt på 4 avdelingar ved Ålvundeid barnehage.

Inndelinga på avdelingane vert slik:

Avdeling Rosa: ettåringane

Avdeling Blå: toåringane

Avdeling Grøn: tre og fireåringane.

Avdeling Gul: femåringane.

Avdelingsnamna er etter fargen på inngangspartia til dei ulike avdelingane

Alle barnehagar skal ha ei årsplan. Den er fyrst og fremst eit arbeidsreiskap for personalet, for å styre verksemda i ei bestemt og uttalt retning. For foreldra kan årsplan være eit høve til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.

Årsplan er og grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen og gir informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til foreldra, eigar, barnehagen sine samarbeidspartnarar og andre interesserte.

Samspelet mellom barn og vaksen er ein viktig faktor for at barn skal trivast og ha det godt i barnehagen. Ålvundeid barnehage skal ha barn som er trygge på at dei i barnehagen har vaksne som er større, sterkare, gode og som tek ansvar (tryggleiksirkelen). Vi er og med i eit utviklingsarbeid, læringsløypa matematikk, saman med dei andre barnehagane og skulane i kommunen, pluss ein del andre Orkidékommunar.

Den viktigaste samarbeidspartnaren vi har i barnehagen er foreldra jamf. Barnehagelova §1.

Eit samarbeid krev engasjement og forplikting frå begge partar dersom det skal fungere. Vi ønskjer å vere ein arena for samspel og danning der alle får vere aktivt deltakande i fellesskap med andre, med gode opplevingar og mykje glede og humør

Visjon:


Barnehagen- til barnets beste

Hovudmål :

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning.
- Barnehagen skal anerkjenne barndommen sin eigenverdi

Vi ser fram til ein ny og spennande haust.

Camilla Langdal Hansen
Styrar



Barnehagen sitt verdigrunnlag

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ein heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (Rammeplanen).

I barnehagen er dei gjensidige samhandlingsprosessane i leik og læring samt omsynet til kvarandre, føresetnadene for danninga til barnet. Vaksne som arbeidar i Sunndal kommune har fokus på omgrepa ansvar, omsorg og respekt. Vi vil arbeide for at innhaldet i desse orda og er gjeldande for dei samhandlingsprosessane barnet er i.

Vaksne skal ta ansvar for barna og vise dei omsorg og respekt. Gjennom sjølv å bli møtt med omsorg og respekt har vi tru på at barnet og vil vise respekt for andre, ta ansvar og møte andre igjen med omsorg.

Samarbeid heim – barnehage

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik. Fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «heimen» og «foreldra» omfattar òg andre føresette. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Samarbeidet med heimen skal skje på individnivå og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet (Rammeplanen).


På individnivå har vi følgjande tiltak:

- dagleg kontakt ved bringing og henting
- minst ein utviklingssamtale i året (tettare oppfølging dersom det er behov)
- nærgruppemøter - dersom barnet mottar spesialpedagogisk hjelp.
- Ansvarsgruppemøte, dersom barnet har behov for fleire tenestar.

Foreldrerådet, som består av alle foreldra, skal fremje foreldra sine felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal få inn saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerådet veljer sine representantar til samarbeidsutvalet (Rammeplanen).

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra. Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen til barnehagen. Andre viktige saker er til dømes forslag til budsjett eller driftsendringar. (Rammeplanen).

På gruppenivå har vi følgjande tiltak:



- Eit foreldremøte i året
- Sosialt arrangement utandørs på ettermiddag før påske, felles for alle avdelingane.
- SU arrangerer dugnad i mai.
- FAU arrangerer korgfest/ sommarfest i juni.
- Møter i FAU og SU
- Foreldra er ansvarleg for å skaffe foreldre som kan arrangere julegløggen.

Barnehagens formål og innhald

Barnehagen skal møte barna med tillit, respekt og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Arbeidet med omsorg, danning leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk må ein sjå i samanheng og samla bidra til at barna får allsidig utvikling.


Sjølvkjensla til barna skal støttes, samstundes som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta egne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.

Barnehagen skal vere medvitne om barna sine ulike former å uttrykke seg på og legge til rette for medverking på måtar som er tilpassa alder, erfaringar, individuelle føresetningar og behov. (Rammeplanen)

Barnehagens digitale praksis

Barnehagens digitale praksis skal bidra til barns leik, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet, skal dette støtte opp om barns læringsprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanens føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Ved bruk av digitale verktøy skal personalet være aktive saman med barna. Samtidig skal digitale verktøy brukast med omhu og ikkje dominere som arbeidsmåte.

Barnehagetjenesta har utarbeida ei digital progresjonsplan som skal følgast.



Ansvar og roller


Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen drives i samsvar med gjeldande lover og regelverk jf. barnehagelova §7. første ledd. Styraren er gjeve det daglege ansvaret i barnehagen: pedagogisk, personalmessig og administrativt.

Barnehagen er en lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere ikring faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og være tydelege rollemodellar.

Den pedagogiske leiaren leiar arbeidet med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering og utvikling av arbeidet i barnehagen. Rettleiing av det øvrige personalet ligger også til rollen som pedagogisk leder (Rammeplan for barnehagar, 2017).

Samarbeid- og kompetansetiltak i Ålvundeid barnehage

- 6 personalmøter gjennom året.
- Avdelingsmøter annakvar veke.
- Leiarmøte kvar 14.dag.
- Felles ped.leiarmøte for alle ped.leiarane i kommunen ein gong pr måned.
- Møte i HMS gruppa ein gong pr måned.
- Møte i utviklingsgruppa kvar 14.dag.
- Aktiv deltaking på samlingane i Oppvekst Nettverk Nordmøre.
- Barnehagen deltek på Nettverk Nordmøres kompetanseheving, læringsløype matematikk.
- Fagtime for barnehagelærarar, fagarbeidarar og assistentar 4 gongar gjennom året.
- Årleg samarbeidsmøte mellom ped,leiarane og biblioteket.
- Styrar deltek på leiarmøta og styrarmøte i barnehagetenesten, og har eit samarbeid med dei andre styrarane i kommunen.
- Inkluderingssteam
- Møte på systemnivå der leiarane for hjelpetjenestane, barnehagesjef, og styrargruppa er med, ein gong pr år.
- Spesialpedagog Christiane B Høydal er i barnehagen tre dagar pr veke.



Overgangar

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar, og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve å høyre til og tryggleik til å leike, utforske og lære (Rammeplan for barnehagar, 2017). Det er laga ei overgangsplan for dei ulike overgangane i Ålvundeid barnehage.

Før barnet byrjar i barnehagen:

Småbarns:

*Infoskriv sendast ut

- Foreldremøte for nye foreldre med fokus på barnehageoppstart og kva som er viktig for barnets trivsel og tilknytning i mai/juni.
- Besøksettermiddag i barnehagen der barnet og foreldra får treffe dei tilsette som skal arbeide på avdelinga i juni.
- Oppstartssamtale i heimen eller i barnehagen. Foreldra får høve til å informere om barnet til pedagogen i barnehagen og dei utvekslar informasjon som er vesentleg for å få til ein god og trygg oppstart for det einskilde barn.

Storbarn:

*Infoskriv sendast ut

*Oppstartssamtale

*Tilbod om å komme på besøk for å verte kjende med barn og tilsette før oppstart

Tiltak etter oppstart:

- God tid til tilvenning.
- Tett dialog med foreldre/føresette, samtale kvar ettermiddag der ein evaluerer dagen og legg plan for neste dag.

Overgangar innad i barnehagen.

Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjende med barna og personalet når dei skifter barnegruppe (Rammeplanen). Følgjande tiltak blir gjennomført:

- Informasjon til foreldra når barnegruppa og dei tilsette er klar.
- Arrangere besøk for barna på den avdelinga som barnet skal byrje på, startar etter jul. Barnet blir da kjent med avdelinga.
- Overføring av informasjon frå avdelinga barnet har gått på til den avdelinga barnet skal flytte til.


Overgangar til andre barnehagar

Dersom barnet skiftar barnehage, er pedagogisk leiar ansvarleg for å overføre relevant informasjon til ny barnehage. Foreldre/føresette skal samtykke til at informasjon kan formidlast til ny barnehage.

Overgangen til skule

Sunndal kommune har ei plan for overgangen frå barnehage til skule. Den følgjer både barnehagane og skulane.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og SFO. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt som samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å kunne dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.



Barnehagen sine fagområde

Måla for de ulike fagområda finner de i Rammeplan for barnehagen:

<http://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-innhold/rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-oppgaver/>

Barna gjer seg erfaringar innanfor de ulike fagområda først og fremst gjennom aktiv deltaking i leik, men og gjennom tilrettelagte aktivitetar. Leik er ein sentral aktivitet for barn og er viktig for barnet sin utvikling. Den er indre motivert, formålslaus, frivillig, attraktiv og altoppslukande.

Fagområda vil sjeldan opptre isolert. Fleire områder vil ofte vere representert samtidig i temaopplegg og i forbindelse med kvardagsaktiviteter. Vi legg til rette for dybdelæring i kvardagen. Innanfor kvart fagområde vil vi tilrettelegge for progresjon som tilpassast barnas alder og modning.

Hovudsatsingsområde kommande barnehageår er:

Uteliv, skogen, motorisk aktivitet – i eit inkluderande perspektiv.

Uteliv er paraplyen for verksemda i Ålvundeid barnehage. vi ynskjer å vere mykje ute uansett vær og vind.


I barnehagen vår vil vi legge vi stor vekt på å skape eit inkluderande læringsmiljø der skogen er i fokus. Vi vil la barna lære gjennom naturopplevingar og utforsking av skogmiljøet, mellom anna ved hjelp av ulike digitale verkty.

Vi vil legge til rette for aktivitetar som skogsturar, skattejakt, utforsking av planter og dyr, og leik i naturen. Dette gir barna høve til å utforske og oppdage på eige hand, samstundes som dei utviklar respekt og omsorg for naturen.

Vi vil oppmuntre til samarbeid, og legge til rette for at alle får delta i aktivitetane. Gjennom felles opplevingar og utfordringar i skogen, lærer barna å samarbeide, respektere kvarandre og vise omsorg.

Dei får utfordra motorikken gjennom klatring, balansering og utforsking av ulendt terreng.

På denne måten bidrar skogen til å skape eit kreativt, stimulerande og inkluderande læringsmiljø for barna våre, og alle fagområde kjem med i arbeidet.



1. Kommunikasjon, språk og tekst

Mål:

Barnet skal høyre nye ord og omgrep tematisert og i kvardagsituasjonar.

Aktivt bruk av progresjonsplana.

Aktivt bruk av ASK som supplerande hjelpemiddel mellom barn-voksen og barn- barn.

Alle avdelingane arbeider ut i frå strategisk plan for språk, lesing og skriving, som barnehagetenesta og skuletenesta har laga saman.

Alder	Tiltak
1-2 år	• Tema «meg sjølv og familien min.» Fokus på omgrepa ikring det som er kjent og kjært. • Vaksne som setter ord på det dei gjer i kvardagen saman med barnet. • Nyttar songar innafor temaet, til dømes songar om dei ulike kroppsdelane. • Nytte visuell støtte • Rim og regler • Leike med språket • Nytte felles opplevingar som utgangspunkt i samtalar med barna.
3-4 år	• Faste språksamlingar, nyttar Språkleik 1 til dei som er født i 2021 og språkleik- “eventyr” til dei som er født i 2022. • Dei ulike sidene ved språket blir tema som det leikes med, innhald, form og bruk. • Dei født i 2021 har lesestund på biblioteket
5 år	• Fast språksamling, med utgangspunkt i Språkleik 2 og Trampoline • Ein går djupare inn i dei ulike sidene ved språket. • Bli kjende med skriftspråket, i til dømes tekstsaking.

2. Kropp, rørsle, mat og helse.

Mål:

- Barna skal oppleve glede og meistring ved
- allsidig bruk av kroppen.
- kjenne på ulike smaker og glede ved måltid
- bli kjende med seg sjølve og sine kjensler
- Barna skal bli trygge på eigen kropp, sette grenser for eigen kropp og respektere andre sine grenser.
- Nytte progresjonsplana for førebygging av vald og overgrep.

Alder	Tiltak
1-2 år	• Kroppen vår og namnet på dei ulike kroppsdelane. • Nytte kroppen, grovmotorisk på turar, på uteområdet og i gymsal. • Presentere nye smakar ved måltida og utnytte måltida til ei triveleg stund med samtalar og liknande. Smakskalender tida før julaftan.


	• Oppleve gleder gjennom kroppsleg meistring.
3-4 år	• Djupare inn i temaet. • Kjenslene våre • Respekt for egne og andre sine grenser. • Korleis ser barn ut og korleis ser vaksne ut. • Korleis fungerer kroppen? • Gode og vonde løyndommar • Kjenslene, til dømes korleis kan ein trøyste nokon? • Turar i skogen der ein får bruka kroppen, balansering samt gå i ulent terreng. • Oppleve gleder med å vere i rørsle. • Nytte opplegget « eg kan ,eg klarar» i gymsalen til dei som er født i 2021.
5 år	• Enno djupare inn i temaet • Korleis vert vi til • Meg sjølv og dei andre. • Sette grenser for eigen kropp • Få innsikt i matens opprinnelse og vegen frå mat til måltid.

3. Kunst, kultur og kreativitet

Mål:

- Barna skal kjenne songglede, og kjenne at song og musikk kan nyttast i alle høve.
- Barna skal oppleve glede og meistring i møte med estetiske måtar å uttrykke seg på.
- Faste musikkstunder i periodar.

Alder	Tiltak
1-2 år	• Songar til ulike høve gjennom dagen, året og høgtidene. • Lytte aktivt til musikk. • Nytte rytmeinstrument. • Verte kjende med ulike uttrykksmåtar, til dømes ulike måtar å male på, teikning, klipping, naturmateriale. • Bidra med kunst til kunstutstillinga i mars. • Forut-aksjonen 2025 (musikk, sjå på bilete/prate om dyr, menneske). Bidra med kunst til Forut-festival • Utstilling i galleri Barbara
3-4 år	• Dei som er født i 2021 skal delta på opninga av barbarautstillinga i mars, samt bidra med kunst • Dramatisering for kvarandre • Kvilestund • FORUT-aksjonen 2025 (4 åringen skal sjå film, høyre på musikk, bli kjend med land, folk, kultur. Alle bidrar med kunst til forut-festival. Alle bli kjend med barns rettigheter. 3-åringen skal sjå på bilete og verte kjend med dyr, land, menneske osv)
5 år	• Dramatisering for dei andre i barnehagen. • FORUT-aksjonen 2025.



	• Bidra med kunst til kunstutstillinga i mars. • Verte kjende med samefolket • Kvilestund • Utstilling i galleri Barbara
--	---


4. Natur, miljø og teknologi

Uteliv er paraplyen for verksemda i Ålvundeid barnehage. Ein stor del av aktivitetane innanfor fagområda og satsingsområde vil gå føre seg ute.

Mål:

- Barna skal ha høve til gode friluftsupplevingar året rundt.
- Barna skal få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lære av naturen og utvikle respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen

Alder	Tiltak
1-2 år	• Faste tur dagar • Følgje naturens kretsløp gjennom året • Følgje utviklinga frå egg til frosk om våren. • Verte kjent med ulike insekt. • Nytte digitale kamera • Benytte oss av appen artsoraklet
3-4 år	• Ei veke oppi Liahaugen haust og vår for dei som er fødte i 2021. • De som er fødte i 2022 har ein dag i Liahaugen/alternativt område om hausten og ein om våren. • Planter og dyr • Sortere søppel. • Samarbeidsoppgåver innanfor tema. • Nytte oss av easy-scope og skjerm til å vise bilete ute • Nytte oss av artsorakelet for å artsbestemme sopp, planter, insekt og dyr
5 år	• Ha eksperiment jamleg gjennom året. • Ei veke i Liahaugen haust og vår. • Ansvar for å rydde ikring barnehagen haust og vår. • Delta på arrangement på Newtonrommet. • Lære seg å spikke med kniv • Studere insekt




5. Mengd, rom og form

Gjennom samarbeidet i Nettverk Nordmøre deltar barnehagen i utviklingsarbeid knytta til matematikk. Målet med dette utviklingsarbeidet er å fremme matematisk utforskning, variasjon og berike samtalar. I samarbeid med Matematikksenteret til NTNU og oppvekstnettverk Nordmøre skal Ålvundeid barnehage bidra til økt kvalitet, motivasjon og interesse for matematikk.

Mål:

- Barna får utvikle forståing for grunnleggande matematiske omgrep.
- Gi barna høve til å sjå gleden i utfordringar, og til å stå på.

Alder	Tiltak
1-2 år	• Nytte puslespel. Dei vert kjende med ulike former og korleis ein kan sette dei saman. • Sortering • Tung - lett • Stimulere til undring og nysgjerrigheit • Bli kjende med førmatematiske omgrep ("alle," "nokre," "ingen," "første," etc) • Romforståing: Finne fram, orientere seg, lokalisere og plassere i rommet. Verte kjend med romlege omgrep. • Konstruksjon • Introdusere måling og la barna få erfare og samanlikne storleikar i praktiske situasjonar som i lek eller andre kvardagslege situasjonar • 2-åringen: Spele enkle lottospel (lille storm). Samanlikning av bilete og det å kjenne att mønster
3-4 år	• Barn og vaksne som er deltakande og ser gleden ved problemløysing. • Barn og vaksne som gir utfordringar som passar den einskilde. • Gjenskape mønstre, figurar ut frå oppskrifter eller ut frå eigne bilete eller fantasi (form, figur, mønster og symmetri) • Spille terningspel • Spille lottospel
5 år	• Samarbeidsoppgåver innanfor mengd, rom og form. • Forklare og argumentere: Grunnge, resonnere og dra logiske slutningar • Bruke varelevering som ei praktisk oppleving rundt måling og veging. Barna erfarer vekt ved å kjenne på og ved å fysisk bruke en vekt for å samanlikne tall. Fordeling av frukt til alle avdelingar og transport med samarbeid. • Spele kort



6. Etikk, religion og filosofi

Mål:

- Barn som har interesse og respekt for kvarandre og ei forståing av verdien av likskap og ulikskap. Vi møter kvarandre med ein positiv nysgjerrigheit.
- Barn som har ein gryande kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjonar, og livssyn som er representert i barnehagen


Alder	Tiltak
1-2 år	• Vaksne som førebilde når det gjeld å vise omsyn og respekt. • Vaksne som legger til rette for at barn kan vise omsyn. • Tilegne seg grunnleggjande normar og verdiar. • Øve på turtaking og det å dele med kvarandre
3-4 år	• Vaksne som undrar seg saman med barna over det ein ser og opplever. • Eg er meg og du er deg – er det ikkje flott? • Markere høgtider som jul, påske, id og liknande. • Besøk i kyrkja
5 år	• Nytte opplegget «snart 1.klassing» • Ha omgrep som venn, respekt og omsyn som tema. • Forstå verdien av likskap og ulikskap i eit fellesskap gjennom arbeid med venskap og sosial kompetanse.

7. Nærmiljø og samfunn

Mål:

- Barn som har interesse og respekt for kvarandre og ei forståing av verdien av likskap og ulikskap. Vi møter kvarandre med ein positiv nysgjerrigheit.
- Barn som har ein gryande kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjonar, og livssyn som er representert i barnehagen

Alder	Tiltak
1-2 år	• Vaksne som førebilde når det gjeld å vise omsyn og respekt. • Vaksne som legger til rette for at barn kan vise omsyn. • Gå på turar i nærmiljøet, la barna få kjenne på ei tilhørighet til plassane. • Nytte el-sykkelen til å komme oss på litt lengre turar på Ålvundeid
3-4 år	• Omsorg for turområda vår. • Kyrkjebesøk. Utforske kyrkjerommet og historia ikring den lokale kyrkja. • Verte kjende med historier, reglar og songar frå Ålvundfjord og Ålvundeid. • 4 åringane skal på besøk på brannstasjonen om våren.
5 år	• Verte litt kjende med områda ikring skulen og skulen i Ålvundfjord om våren.



Planarbeid

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegging skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa (Rammeplana).

Årsplana til barnehagen byggjer på Rammeplana og årsplana til barnehagetenesta. Barnehagen har og ei eigen plan for overgangen barnehage – skule som i haust blir teke opp på foreldremøte til dei som har barn fødd i 2020.

Vurderingsarbeid

Gjennom barnehageåret arbeider heile personalgruppa med ulike tema. I år vil vi ha et ekstra fokus gruppedynamikk og vaksenrolla i samband med det. Når vi arbeider med desse tema har vi felles refleksjon i grupper og i plenum. Vi ser ny kunnskap opp mot vår eigen praksis, formålet er å stadig vere i utvikling og forbetre eigen praksis. Å endre praksis er eit arbeid som krev aktiv medverking frå alle over tid.


Arbeidet i forhold til årsplan og oppfølging av enkeltbarn og barnegruppa blir jamleg vurdert på avdelingsmøta gjennom året. Vi har ei halvårsvurdering på planleggingsdagen i januar og ein om våren. Kontinuerleg evaluering og oppsummering ved bruk av dagbokinnlegg via Visma. Den enkelte pedagogiske leiar har jamlege samtalar med styrer der vi har ein gjennomgang av arbeidet i forhold til barnegruppa på den enkelte avdeling. I foreldresamtalane har vi ei vurdering av arbeidet i forhold til enkeltbarn

Om våren skriv styrar ei årsmelding.

Dokumentasjon


Årsplan, dagbokinnlegg i appen visma flyt barnehage og årsmeldinga er viktig dokumentasjon på det arbeidet som vi gjer i barnehagen. Utviklingssamtalar vert dokumentert i form av eit referat som foreldre får dette tilsendt i Digipost. Ved bytting av barnehage vil relevant informasjon overførast til den nye barnehagen, dette etter avtale med foreldre/føresette.

Arbeid i forhold til barn med særskilte behov dokumenterast i form av IUP, rapportar og referat frå møtar. Denne dokumentasjonen ligg i arkivsystemet til kommunen og blir gjeve til skulen etter samtykke frå foreldra, dersom det er ønskeleg og relevant.




ÅRSHJUL

Månad	Aktivitet	Kurs- og planleggingsdagar
August	Oppstart	15. august- kursdag
September	Brannvernveke, veke 38	
Oktober	Foreldremøter Utviklingssamtalar Veke 41-skulens haustferie	Kurs/planleggingsdag onsdag 8. oktober.
November	Utviklingssamtalar Forut-aksjon for avd Gul Forutfestival – innsamlingsaksjon til inntekt til Forut sitt barnarbeid Besøk av Brannbamsen Bjørnis 6. november.	
Desember	Veke 50/51- Avd Gul skal på besøk i kyrkja. Avd Gul skal framføre noko for dei andre avdelingane i løpet av desember. 19. desember- juleavslutning- vi pyntar oss, kosar oss med julegraut. Kanskje kjem nissen? Julegløgg og pepperkaker på uteområdet ved hentetida i regi av FAU ein ettermiddag i desember.	
Januar		Planleggingsdag fredag 2. januar 2026.
Februar	6. februar- samefolkets dag. Karneval for storbarnsavdelingane Veke 8- skulens vinterferie	
Mars	Sansedag for småbarnsavdelingane. Barnehagen deltek på barnehagetjenestens kunstutstilling i Galleri Barbara på kulturhuset.	



April	Påske Utviklingssamtalar for dei som ynskjer ein ekstra samtale.	
Mai	Dugnad og vårfest før 17. mai. Vi øvar oss på å gå i 17. Mai tog.	
Juni	Avslutning for skulestartarane.	
August 2026		Kurs og planleggingsdagar 12. og 13. august. + 17. august.

På kurs og planleggingsdagane er barnehagen stengt.



Kontaktinformasjon

Administrasjon

Styrar, Camilla Langdal Hansen 98 46 31 07
Frå 01.01.26 er Kristin Børset styrar 90 65 46 23

Assisterande styrar, Ylva Lotsberg 97 65 89 62
Frå 01.01.26 er Camilla Langdal Hansen assisterande styrar.

Barnehagesjef Mona Reinset 90 65 70 95

Avdelingane:

Rosa: 94 15 87 04

Blå: 48 09 29 23

Grøn: 95 41 08 70

Gul: 46 95 51 30

Epost styrar/kontor: Camilla.langdal.hansen@sunndal.kommune.no

Heimeside: <https://www.sunndal.kommune.no/tjenester/barnehage/barnehager-i-sunndal/alvundeid-barnehage/>

Besøksadresse: Eidavegen 47, 6620 Ålvundeid

